



Andreklassingane på Rød-trappa då dei kom. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kultursjef Kristian Bringedal er eigentleg lærar og likar svært godt å få prøva seg att i den rolla frå tid til annan.

I føremiddag skjedde det igjen, i bygdetunet på Rød.

Kultursjefen ausa av kunnskapane sine om livet i gamle dagar for 25 andreklassingar frå Undarheim skule på Husnes. Kontaktlærarar er Jorunn Fjellandsbø og Randi Elisabeth Bjelland.



- Dette er ein slaktestein! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Elevane var flinke til å spørja og visste utruleg mykje allereie, men vart svar skuldige då læraren peika på ein stor,

flat stein utanfor tråppa og spurde kva den var brukt til. Svaret var slaktarstein!

Ellers fortalde han om bygningane på den gamle garden og kom mellom anna inn på at dei ikkje har ei løe.- Men kanskje kjem ho ein gong, sa han. Elevane var ikkje minst engasjerte då Kristian synt dei Jesus-bileta og kongebileta og dei hadde ikkje problem med namna på kongane våre i nyare tid.

Eit spanande innslag då Kristian er lærar på Rød plar vera maling av mjøl, men det fekk ikkje elevane oppleve denne gongen då kvernbekken er berre ein liten sildrebekk om dagen. Det er også trong for ei ytterlegare opprusting og sikring av vasstilførselen.

Vedlikehaldet er viktig hvis bygdetunet framleis skal vera ei levande skulestove.

Av Ola Matti Mathisen



Skuletime i gamal atmosfære! (Foto: Ola Matti Mathisen)